



Kva er jordfeil?

Jordfeil er ein alvorleg feil i det elektriske anlegget, og det kan oppstå fleire alvorlege situasjonar som følgje av feilen:

- Det kan utviklast varme på feilstaden, nok til å forårsake brann.
- Berøringsspenningen mellom deler i anlegget kan forårsake elektrisk støyt, f.eks. i dusjen.
- Feil i ditt anlegg påverkar naboens anlegg og sikkerheit.
- Feilstraumen til jord blir også målt på strømmålaren, og blir dermed en del av fakturaen for straumforbruket. (PS! Ved ein straumpris på 5 kr kWh kan ein typisk feil koste deg 100 kr i veka i unyttig forbruk.)

Korleis og kvar kan jordfeil oppstå?

- Når spenningsførande deler utilsikta kommer i kontakt med metalleder.
- Feilmontering, slitasje eller feil/skade på materiell kan føre til jordfeil i sjølve anlegget.
- Jordfeil kan førekomme i varmekablar, lysarmaturar, varmtvasstank, komfyrar, frysaren, julebelysning, utvendige skøyteleidningar etc.
- En jordfeil kan oppstå i alle deler av det elektriske anlegget og det tilkople utstyret.
- Slike feil kan også komme og gå avhengig av kva slags utstyr som til kvar tid er i bruk, termostatar som koplar ut og inn, fuktigheit som varierer med temperaturar, vær og årstider etc. Det gjær at jordfeil kan være utfordrande å lokalisere.

Straummålaren i sikringsskapet har en visning av jordfeilstraum. Denne skal vise 0,000A dersom anlegget ikkje har feil. Man finner denne visninga ved å bla i menyane med den venstre trykknappen. Brytaren på målarer er konfigurert slik at du kan ikke gjære noko feil. *Etter 2 minutt vil visninga i displayet resette seg sjølv til kWh visning, trykk då på ny 2 gangar på knappen.* Bildet viser eit eksempel på korleis målarens display kan sjå ut dersom du har jordfeil.



Figur 1: Dette er ein jordfeil, stor feil, viser tall over 0.000 A.


Systematisk framgang for å lokalisere jordfeilen

1. Bla fram jordfeilvisninga i målarens displayvindaue (to trykk på venstre knapp, ref. blå pil)
2. Skru av ein og ein kurs i sikringsskapet.
3. Når verdien i displayet viser 0,000A har du lokalisert kursen jordfeilen er på.
4. Les av på kursliste kva denne kursen forsyn.
5. Skru sikringen på igjen.
6. Trekk ut eit og eit apparat ut i frå stikkontaktane denne kursen forsyn.
7. Dersom displayet viser 0,000A har du lokalisert produktet som har jordfeilen
8. Har man trekt ut alle kontaktar på kursen, men framleis har en verdi over 0,000A i displayet må man skru av denne kursen og **elektrikar** kontaktast **snarast**.




Figur 2: For å få denne visning trykk 2 gangar på venstre knapp. (NB! Dette displayet viser at anlegget ikkje har jordfeil, 0.000 A.)


Bruksanvisning for Kamstrup OMNIPOWER strømmålere




Summert strømforbruk A+
Strøm brukt fra nettet.
Målt i kWh.




Manuell frakobling
Se «Bruksanvisning for bryterfunksjon i måleren».




Jordfeilstrøm




Aktiv effekt
Nåværende forbruk i kW.




Summert strømproduksjon A-
Strøm levert til nettet.
Målt i kWh.




Aktuell spenningsfase L3




Aktuell spenningsfase L2




Aktuell spenningsfase L1




Aktuell strømfase L3




Aktuell strømfase L2




Aktuell strømfase L1




Reaktiv energi R+
Målt i kvarh.



Reaktiv energi R-
Målt i kvarh.



Displaytest
Lyser opp alle segmenter i displayet (blinker -1 / 1 sek)




Bruksanvisning for bryterfunksjon i måleren

Frakobling:

Ved hjelp av trykknappen velges displayvisningen nedenfor.


OBS! I dette tilfellet kan ikke tilkobling skje.




Hold trykknappen inne i ca. 6 sekunder til reléene kobles fra og den røde dioden lyser.

Tilkobling:

Den røde dioden under displayet skal blinke.



Hold trykknappen inne i ca. 6 sekunder til reléene kobles til og den røde dioden slukker.



BRYTERDIODE

Slukket: Tilkoblet

Konstant rød: Frakoblet og blokkert

Blinkene rød: Klar for tilkobling

TRYKKNAPP

Med denne knappen skifter man displayvisning

ADVARSEL

Målerens bryter
må ikke
anvendes som
sikkerhetsbryter.

Anlegget må
anses som
spenningsførende
og berøringsfarlig
selv når bryter i
måler er koblet ut.